



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

27.11.2023

Vår ref:

2019/1087

Dykkar dato:

31.10.2023

Dykkar ref:

201503566

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om utsett byggjefrist for Evebøfossen kraftverk i Gloppen kommune

Statsforvaltaren føreset at fiskevandringa blir ivareteke ved ei opprusting av Evebøfossen kraftverk.

Vi viser til høyringa av søknad om utsett byggjefrist for Evebøfossen kraftverk. Bakgrunnen for søknaden er økonomiske utfordringar med utbyggingane i Trysilfossen og Eidsfossen.

NVE ønskjer tilbakemelding dersom det har oppstått nye høve som kan ha noko å seie for konsesjonen sidan saken blei handsama i 2017. Statsforvaltaren er særleg bedt om å vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldlova § 8, eller om det er behov for ytterlegare utgreiingar.

Vår vurdering

NVE føresette i konsesjonsvedtaket at sikker vandringsveg (tovegs fiskepassasje for laks, sjøaure og ål) i Evebøfossen kan ivaretakast ved utforming av detaljplan og seinare oppfølging gjennom naturforvaltningsvilkår.

Vi legg då til grunn at det skal presenterast ei god løysing basert på oppdatert fiskefagleg kompetanse om fiskevandring forbi kraftverk, før detaljplanen kan godkjennast. Dette kan gjerne presiserast i eit eventuelt vedtak om utsett byggjefrist.

Det er som kjent gjennomført påleggsheimla fiskeribiologiske undersøkingar i vassdraget dei seinare åra, men desse er ikkje retta spesielt mot vandringstilhøve i Evebøfossen.

Vi har vidaresendt søknaden om utsett byggjefrist til Miljødirektoratet, då dei har ansvaret for anadrom fisk i høyringssaker etter avtalt arbeidsdeling innan miljøsektoren.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Med helsing

Gry Walle
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Gloppen kommune
Miljødirektoratet

Postboks 7900
Grandavegen 9
Postboks 5672 Torgarden

5020	BERGEN
6823	SANDANE
7485	TRONDHEIM